



Dei 5 i båthamna sit Rita Peeren, Irma Reede, Arie Nerwaal Flo Gimbel og Pat van de Wallbake,

Turismen har ikkje akkurat vore på topp i bygda denne sommaren. Difor var det desto meir positivt og gledeleg då 5 nederlandske bubilar kom til båthamna i flokk og følge i ettermiddag. Vi likar nederlendarane og dei likar oss og det låg an til eit nytt, hyggeleg treff. Grappa frå pannekakelandet besto dels av fråskilde og dels av enker mellom 57 og 68 år og kalla seg NKC Solo. Før april i år kjende dei ikkje kvarandre, men dei fann tonen fort og vart samde om å reise på ferie i Noreg. -For, som dei sa til uskedalen.no, det er ikkje nokon betre måte å verta kjende med kvarandre enn å reise saman.

Grappa består også av 4 hundar, men det verkar som om alle 9 individar har eit harmonisk samliv. Førebels er dei også overstadig begeistra over både naturen og folket. Det fortel til dømes om rogalandsbonden som losjerte dei inn på låven sin for nokre flasker Heineken. Etter fyrste etappe frå Kristiansand og hit har dei tydelegvis hatt ein rimeleg ferie.

Dei er ikkje heilt sikre på ruta vidare og grappa er ikkje heilt sams om utfluktsmåla- Det har naturleg nok noko med fysikken å gjera. Men dei skal i alle fall innom Ålesund og er opptekne av å komma til eller på ein bre. Så er det berre å håpa på at både folk og firbeinte held fred og ikkje fyk i tattane på kvarandre.

Tekst: foto og nett: Ola Matti Mathisen